

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet og sei til elevane at på same måte som vi menneske er forskjellig med veldig mykje anna, så er vi også ulike når det kjem til å forelske seg. Variasjonen handlar om kor tidleg, kor ofte, kor sterkt, kven ein blir forelska i, kva ein har lyst til når ein er forelska og veldig mykje meir. Sjå: Taylor's Version - Look What You Made Me Do PARODY - TEEN CRUSH - YouTube
	Crush Crew Store deler av denne timen bør brukast til denne oppgåva. Her skal elevane få lære om variasjon i forelsking gjennom å gå inn i rolla som den oppdikta svar-tenesta «Crush Crew» som får tilsendt spørsmål frå forelska tenåringer og gir gode svar til desse. Elevane blir delt i gode grupper som kvar sitt «Crush Crew». Her får dei ulike spørsmål frå fiktive ungdommar som dei skal kome på gode svar på. Elevane klipper ut dei ulike spørsmåla og skriv korte svar på baksida av lappen. Svara deira bør innehalde: • Forståing for ungdommen sin situasjon (Vi forstår godt at du synes dette er...) • Normalisering av situasjonen (Det er mange som opplever dette slik som du...) • Forslag til kva ungdommen kan gjere med dette. Etterpå, eller undervegs, bør de gå igjennom kvart spørsmål i klassa og sjå kva råd dei ulike gruppene har gitt. Etter dei har gitt sine råd, les du opp det ferdige svarforslaget frå Crush Crew (skriv ut vedlegget til lærar) slik at dei også får høyre det vi ønskjer å formidle som læring i dette temaet. Forhåpentlegvis er ikkje forskjellen så stor, men det gir ei forsikring om at elevane også får gode svar i dei gruppene som eventuelt tøyser mest.
 Forelskelse - Alt vi ikke sier	Denne filmen er fin for å vise at forelsking handlar om mykje meir enn seksualitet: Forelskelse - Alt vi ikke sier
usikker sint forvirra trist skuffa glad misunnelig redd distrahert frustrert Forelska stolt nervøs sjalu deppa flau skamfull lykkelig ensom	Filmen viste at forelsking heng tett saman med mange andre følelsar. La elevane jobbe i grupper med dette arket. Dei skal sette strek frå følelsane rundt og inn til Forelska når dei klarer å kome på korleis desse to følelsane heng saman. Til dømes: • sette strek frå redd til forelska fordi ein er redd den andre ikkje likar deg tilbake like godt • Eller frå forvirra til forelska fordi ein er overraska over at ein liker den personen på denne måten
Kjønns mangfold 	Om de rekk å også jobbe med kjønns mangfold kan de godt sjå denne filmen. Eventuelt jobb vidare med dette ein annan time. Kjønns mangfold - YouTube
	Kven er gode rollemodellar for mangfold i kjønn og seksualitet? La elevane jobbe i grupper for å finne eksempel på kjente menneske innan musikk/film/sosiale media som framstiller mangfold i kjønn og seksualitet på ein god måte.

	• Kjem elevane på filmar/musikkvideoar/blogginnlegg og anna som er med på å vise mangfaldet positivt? • Kva er bra med det desse gjer? • Korleis vi menneske vise at vi aksepterer kvarandre slik vi er? Oppsummer med å la gruppene få kome med sine eksempel og eventuelt vise nokon av desse på smartboard.
	Denne filmen er ein god påminnar til elevane om kvifor det ikkje er greitt å bruke «homo» som eit ord ein seier «på kødd»: Skjellsord - homo - YouTube
	I løpet av timen kan de gjerne og ha litt Frosketid: Pust med naturen (s-pust) - YouTube